



## Årsmelding for 2020.

Årsmøte med årsmelding for 2019 fann stad sundag 1. mars 2020.

Styret har vore:

Leiar	Torvald Tjåland
Nestleiar	Pål Ånund Tveiten
Kasserar	Herdís Lindal Tjåland
Sekretær	Svein Fosse
Styremedlem	Hans Undheim
1 Varamedlem	Odd Ove Tunheim
2 Varamedlem	Reidunn Haavardsholm

Valnemd:

- |       |                        |
|-------|------------------------|
| Leiar | 1. Kåre Sigurd Undheim |
|       | 2. Torbjørn Garborg    |
|       | 3. Else Marit Undheim  |

Styret vedtok i møte 9. februar å utsetja årsmøtet til 2022. Då me vedtok dette var regelen for smittevern at kun 10 personar kunne møtast, og i denne situasjonen såg me det som heilt uaktuelt å kalla inn til årsmøte. Det er ennå så pass stor uvisse omkring smittesituasjonen framover, at me vel å stå på vedtaket.

Det betyr at ovenstående styre/varamenn og nemd må belaga seg på å vera eit år ekstra.

Styret har hatt 5 møte og protokollført 17 sjølvstendige saker.

### Aktivitetar:

Aktiviteten i kyrkja har i 2020 vore redusert som følge av den pågåande pandemien og tilpasningar til gjeldande smittevernreglar. Krav til smittevern, avstand og antall personar som kan møtast er ein utfordring for arrangørane og mange arrangement har blitt avlyst. Redusert aktivitet har også ført til ein nedgang i leigeinntekta.

Det har i 2020 vore ein konsert med Frimenn 15. september, der overskotet gjekk til drift av kyrkja.

Av faste brukarar har vi Den Norske Kyrkja/ Undheim sokneråd, UKUF, Dekor, Supermix, Open barnehage, Open kjellar, Babysong, Handarbeidstreff, Laust og fast, Småmøte, Sundagsskulen og misjonsforeiningar.

Kyrkjesalen nyttast til gudstjenester, barnedåp, konfirmasjon, bryllup, gravferder, konsertar og møter. Underetasjen vart brukt til mellom anna misjonsmøter, minnemøter, feiring av åremål, bryllup og konfirmasjon i tillegg til ein del av dei faste aktivitetane nemde ovanfor.

Styret har i 2020 fått revidert drifts- og bruksavtalen med Time kyrkjelege fellesråd. Opprinnelige avtale frå 2007 er revidert med tanke på å spesifisera/klargjera betre kven som har ansvar for einskilde utgifter, slik som utvendig og innvendig vedlikehald av huset, serviceordninger, og reperasjon av det elektriske anlegget, medrekna varmepumpe-anlegget m.m.

Arbeidet med å oppgradera det elektriske anlegget pågår. Det meste av utelysa ved parkeringsplassen, rundt kyrkja, og lysa opp mot hovuddøra er oppgradert med LED lys. Styret har også sendt søknad til Time kyrkjelege fellesråd i samband med kommunen sin økonomiplan om støtte til nye hovedlys i kyrkjesalen (LED lys), men her fikk me dessverre avslag. Kanskje me kan prøve igjen i år.

Styret har også planar om å renovera steingarden mellom nedre parkeringsplass og Solvor Egeland sin eigedom. Me har søkt Sparebankstiftinga Time og Hå om støtte til prosjektet. Søknaden vert forventa behandla først i mai 2021.

Me vil takka alle som har stilt velvillig opp på dugnad når det gjeld servering, dekking og opprydding. Så takk til alle som har bidrege, og spesielt takk til Laust og fast som også i år har gitt eit betydelig tilskot til kyrkja.

Me ber om Guds signing over arbeidet vidare.